

Februar 2016, årgang 5, nr 1

Kyrkje og kultur i Sirdal



**Artig
samantreff**

Side 4-5

**Kjøpe ein
tangent?**

Side 8

Kultursidene

Side 18-28

Bønn i det daglige liv

Jeg vokste opp med bønn, og Jesus i sentrum.

En liten historie, fra meg som liten jente, med ei stor vorte, på min langfinger. Den var vond, sprakk, blødde og var i veien for alt jeg skulle foreta meg. Jeg var fortvilet, gråt mye!

En kveld sa mor: "Nå får vi **be** begge to, at Jesus må ta den vekk". Så i Jesu navn, Amen, la jeg meg til å sove. Neste morgen ropte jeg høyt på mor, og hun kom i full fart. Hele rommet var i kaos; sengkler, madrass og fjøler lå rundt. Hva er det som skjer her? «Jeg finner ikke vort mi. Jesus har kasta den, så langt bort, at jeg ikke finner den igjen!»

Min finger var helt fin. Ble nesten usikker på hvilken finger den hadde stått på. Gleden var stor for oss begge. Så vi satte oss ned, for en ny bønn, i **takk** til han som hører når vi ber.

Se og les: Salme 4.

Ann-Karin Sele

Kyrkja – verdsvid og nær

I denne utgåva av bladet fortel vi om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Ecuador, om hjelp til nokre av dei som har det aller mest vanskeleg, fattige foreldre med funksjonshemma born. Vi ser og fram til ein kveld med Einar Lunde om Sør-Afrika – eit land der kyrkja har hatt ei avgjerande rolle i frigjeringa frå det harde og undertrykkande regimet. Det var gjennom kontakt mellom den norske kyrkja og kyrkja i Sør-Afrika at ein i løynd fekk gitt hjelp til frigjeringsrørsla.

Samstundes er vi opptekne av det nære, korleis vi som kyrkje kan formidla den glade budskapet til våre eigne i vår del av verda. Vi har aktivitetar og arrangement, mange som stendig går sin vante gang, gudstenester og møter, foreiningar, kor både for vaksne og born, konsertar, og mang slag arbeid for barn og unge.

Nokre gonger har vi særskilde tiltak, som til dømes i påska, då dalen vår er full av folk – det er gudstenester og andaktar

både i kyrkjene og ulike stader der skifolk ferdast. Påskeaftan er det eit stort opplegg med aktivitetsdag på Kvæven. Kvel-den med Einar Lunde er alt nemnd.

Nemnast skal og orgelkonserten i Tonstad kyrkje med Ghislain Gourvennec. Rett før jul nytta han alle orgla i kyrkjehusa våre til å spela inn ein heil CD.

Dørene til alt vi driv med er opne, og vi ønskjer alle velkomne inn i det store verdsvide og det nære fellesskapet kyrkja står for. Carpe diem som det heiter på latin, grip dagen! Grip sjansane!

Lars Audun Fodstad



Følg oss på Facebook

www.facebook.com/kyrkjaisirdal

Påskeprest i Øvre Sirdal - påska 2016

I Øvre Sirdal har det i fleire år vore eigen påskeprest. Slik også i år.

Ordninga med påskeprest er eit samarbeid mellom Sirdal kyrkjelyd, Agder og Telemark bispedøme og Stavanger bispedøme. Agder og Telemark løner påskepresten, og Stavanger bispedøme rekrutterer. Fleire prestar ønskjer den jobben, og i år var det **Bjørn Wang** som fekk tilbodet.

Kven er så Bjørn Wang?

43 år, gift med Marit frå Hauge i Dalane. Dei har fire barn og er busett i Stavanger.

Bjørn er lærar ved Acta Bibelskole og IMI Instituttet som er tilknytta IMI-kirken. Han har vore misjonær i Bolivia, og er ordinert prest i Den norske kyrkja.

Vi ønskjer heile familien Wang velkomen til Sirdal i påska!



Miljøtipset: Låne og gi tilbake?

Eit gjennomsnittleg norsk hushald, bruker årleg 435 000 kroner på varer og tenester, i 2012. Av desse vert om lag 31 % brukt på bustad, lys og brensel, 19 % på transport, 12 % på mat og drikkevarer, 10 % på kultur og fritid, og 28 % på andre varer og tenester. Ved å handle mindre, kan vi bidra til at det materielle forbruket ikkje blir endå høgare.

Tenk deg at du står i bokhandelen med ei bok i handa. Du har lyst på den, men er likevel i tvil om den er verd pengane. Kva slags argument er det som rasar i hovudet ditt?

Kanskje bør intensjonen du har med å kjøpe boka, vere argumentet som veg tyngst. Då kan det vere greitt å tenkje gjennom desse spørsmåla: Ynskjer du den fysiske boka, eller vil du eigentleg berre ha opplevinga av å lese ho? Vil du ta fram boka ein gong i blant, eller berre lese henne ein gong? Og ynskjer du at boka skal ta opp plass i bokhylla di?



I nokre tilfelle er det kanskje like greitt å ta ein tur på biblioteket. Eller kanskje du

har ein ven, kollega eller syster med fylldige bokhyller, og mogelegheit til eit privat lån?

Sjølvsagt må det vere lov å unne seg noko i blant. Ein god regel er å berre kjøpe det du av eigen erfaring veit du vil ha glede av. Då får du truleg ekstra stor glede av nettopp det.

Tekst og foto: **Ane Bendikte Haugom**

Lik kyrkja si fb-side:

www.facebook.com/kyrkja_i_Sirdal

Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 1/2016

Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Fire utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

Barne- og ungdomssidene: Kjetil Øygard Eidevik og Kjartan Øygard

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Frå Hønevassknuten, mars 2015

Foto: Per Magne Sinnes

Trykk: Synkron Media

FASTEAKSJONEN 2016 TYS DAG DEN 15.MARS

**Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon:
I kriser er vatn kritisk**

**Ta godt imot bøsseberar-
-ane som kjem på døra!**



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Esperanza frå Lye og Ecuador

Iblant kan det verkelege livet overgå det meste av fantasi, som den gongen eg uventa såg ein nabo frå Tjørhom i Kina, mellom 1,3 milliardar kinesarar!

Då vart Lottogevinst berre for barnemat å rekna.

Noko liknande hende i Kvævemoen kapell for ei tid sidan då det nye misjonsprosjektet åt kyrkjelyden vart presentert; Misjonsalliansen sitt arbeid ved Centro Creer i Ecuador.

Etterpå fortalde ei dame i forsamlinga: Eg er frå Ecuador og eg var med å starta arbeidet ved Centro Creer. Då vart vi kjende med **Esperanza Idland** frå Lye og Ecuador.

Med på oppstarten

Sidan har Esperanza vore attende i kapellet for å fortelja meir frå Centro Creer, oppstarten og utviklinga der.

Ho og familien har hytte i Sirdal, derfor var det gildt å stikka innom og verta betre kjend med henne. Esperanza er gift med Sigurd Idland, dei har to kjekke jenter, Miriam på 8 år og Rebekka på 5 år. Jentene fortel raskt at dei kan spansk og vil gjerne høyra kva eg kan på det språket.

Flytta til Noreg

Esperanza flytta til Noreg i 2004 etter at ho vart kjend med Sigurd då han var i Ecuador på studietur med Normisjon. No arbeider ho som spanskklærar ved Jærtun Lutherske friskule.

Når det vert spørsmål om Centro Creer, vert Esperanza ivrig. Det finst to senter, eit nord og eit sør ved byen Guayaquil, den største byen i Ecuador med 2 mill. innbyggjarar. Båe sentera ligg i slum-



Ei av mange som er takksam for Centro Creer
Foto: Bjørn Jarle Sørheim-Queseth

Esperanza og Sigbjørn Idland traff kvarandre i Ecuador.

Foto: Privat



Dei såg at familiar som hadde born med funksjonshemming eller langvarig sjukdom sleit aller mest.

Så kartla dei kor mange det var, og vart overraska over resultatet. Desse mange borna var lite synlege, foreldra heldt dei

«Kven treng aller mest hjelp blant dei fattige?»

heime både fordi dei opplevde det flaut og fordi det ikkje var noko offentleg tilbod til dei. Dermed måtte ein av foreldra og vera heime og ta seg av barnet, det reduserte familien sitt inntektsgrunnlag.

Store ringverknader

Borna kom til senteret saman med ein av foreldra, gjerne mor. Der opplevde bae gleda med å møta andre i liknande situasjon, og fekk vener. Den vaksne vart med i arbeidet på senteret. Etter kvart bygde dei lokala større, vart organisert med leiar og fagfolk som fysioterapeutar og pedagogar. Foreldra fekk vegleing og var med på å trenast borna. Dessutan fekk alle betre kost enn dei hadde råd til, så helsa vart vart betre, og framgangen for borna var godt synleg. Dei starta også storkjøken, og familiarne kunne koma og kjøpa sunn mat billig. Misjonsalliansen utviklar heile tida arbeidet med tanken at brukarane har eigarforhold til prosjektet. I dag er ca.300 born og unge brukarar ved sentera.

Diakonalt fortegn

Esperanza vektlegg også den diakonale verdien av arbeidet. Foreldra spurde gjerne: «Kvifor gjer de dette for å hjelpa

oss?» ”Då kunne me fortelja om Jesu kjærleik til alle menneske, Han viste oss i sitt liv korleis Han møtte menneske med nedsett funksjonsevne. Slik fekk vi praktisera kjærleiken og fortelja om Jesu kjærleik, nåde og frelse” smiler Esperanza. Nettopp den varme omsorga i praksis er noko av det ho peikar på gong på gong: «Folk som kom til senteret, både foreldra og dei som arbeidde der var så glade i borna, og mest av alt saknar eg latteren og kjærleiken der».

Det er lett og interessant å snakka med Esperanza, hennar latinamerikanske veremåte med mykje smil og latter vert også eit tema. «Kva saknar du mest når du bur her?» spør eg. «Jo det er nettopp



Foto: Lillianfoto.no

gleda og latteren mellom dei fattige» er svaret.

Hennar teori er at dei fattige har lite å uroa seg for når dei eig lite, det viktige

gaste er at dei har det daglege brødet. Følelsane får stort rom, dei gret saman og ler saman. Er dagen dårleg, så ringjer ein til ein ven og seier: «Kom på besøk, eg er lei meg.» Samhaldet mellom dei fattige er verdifullt, ho hugsar også at dei meir velstående i Ecuador var meir som her, ikkje så direkte og opne for kontakt. Så er det likevel viktig for Esperanza å fortelja om mykje i Noreg som ho set

”Han viste oss i sitt liv korleis Han møtte menneske med nedsett funksjonsevne”

stor pris på. «Ein gong vil eg skriva ei bok om alt som er bra her» ler ho. Ho peikar særleg på korleis born vert tekne vare på, korleis vi her høyrer på dei og respekterer kjenslene deira.

Ho avsluttar med å erklæra at ho er heldig som får ta del i to kulturar, og med sin klingande latter og mange smil deler ho varmen frå strendene ved Stillehavet med oss.

Solbjørg Tjørhom

Fakta om Centro Creer:

Kvar: I storbyen Guayaquil i Ecuador

Kva: To diakonale senter for familiar med born som har funksjonshemming eller langvarig sjukdom

Kor mange: Om lag 300 born og unge

Støtta av: Misjonsalliansen i Noreg og Sirdal kyrkjelyd

Aktuelt: Misjonsprosjekt i Øvre Sirdal

Orgel-CD fra Sirdalskirkene

Før jul ble det gitt ut en spennende CD med lokal tilknytning. Kantor i Vardeneset kirke i Stavanger, Ghislain Gorvennec, spilte inn musikk på de fire kirkeorglene våre i Sirdal, fra Haughom i sør til Kvævemoen i nord. Hvem er Ghislain, og hvorfor denne CD'en, spør du kanskje. Vi har stilt ham noen spørsmål for å finne ut litt mer om dette.

Hvordan fikk du ideen til å spille inn en CD på orglene i Sirdal?

Det er nå en stund siden jeg fikk ideen. Allerede i 2006 planla jeg innspillingen som skulle være klar til komponisten Dietrich Buxtehude sitt jubileum i 2007, han døde i 1607. Grunnet andre prosjekter ble innspillingen stadig utsatt, men nå i høst fikk jeg endelig kapasitet til å gjennomføre planen.



Orglet i Haughom kapell

Liker du å spille på orglene i Sirdal? Har de noen spesielle egenskaper?

Absolutt! Det er en imponerende orgelpark i Sirdal. Orglene er relativt små, men er godt tilpasset kirkene og kapellene. Alle instrumentene er av samme stil, barokk, men klarer likevel å vise

”I Tonstad måtte jeg spille inn om kvelden for å unngå trafikkstøy, som lydutstyret ellers ville fange opp”

unike klangfasetter.

Tonstad kyrkje har det største og mest klangrike orglet, men selv det minste orglet på Kvævemoen er utstyrt med stemmer, klang, som få instrumenter har til vanlig. Det ble derfor en selvfølge å finne repertoar som fanger mangfoldet i de forskjellige instrumentene.

Hvorfor har du valgt musikk av Buxtehude?

Jo, som tidligere sagt, fikk jeg ideen for lenge siden. Jeg kunne selvfølgelig ha endret planen. Likevel har jeg alltid hatt sans for å holde en rød tråd, eller å vise



Orglet i Lunde kyrkje

én ting fra forskjellige innfallsvinkler. Jeg valgte å beholde kun Buxtehude. Selv om han ikke er like kjent som J.S. Bach, har han betydd mye for musikken i tidligbarokken i Europa.

Buxtehude var musikksejef i Lübeck og hadde ansvar for bl. a. kirkekonserterne “Abendmusiken”. Mange musikere dro til Buxtehude for å studere. Den aller mest kjente er J. S. Bach som søkte tre ukers permisjon fra sin jobb i Arnstadt for å høre Buxtehude. Han gikk de 370 km og fikk nesten sparken da han kom tilbake til Arnstadt.... tre måneder senere!

Musikken til Buxtehude er i det man kaller Stylus Fantasticus-stil. På mange måter kan vi si at det er teatralisk musikk,

med mye retorikk og effekter som gjør musikken svært levende. Jeg synes det er et bra utgangspunkt for å presentere de ulike instrumentene i Sirdal.

Hvordan gjorde du det rent praktisk med opptaket i kirkene?

Jeg ordnet alt selv. To gode mikrofoner plassert noen meter unna orglene klar- te å ta opp de svært ulike frekvensene i orglene på en nøytral måte.

Utfordringen var at rommene så og si ikke har etterklang, noe som ikke er så vanlig når man tar opp orgelmusikk. Jeg brukte derfor en del tid på å fjerne så mye tekstil som jeg kunne, midtteppe, puter...

I Tonstad måtte jeg spille inn om kvel- den for å unngå trafikkstøy, som lydut- styret ellers ville fange opp. Da jeg spil- te inn i Øvre Sirdal kom den første snøen, og den kalde luften gjorde at jeg måtte stemme en god del piper før jeg kunne komme i gang!



Orglet i Kvævemoen kapell

Du skal ha konsert på Tonstad lørdag 20. Februar kl. 18.00. Hva får vi høre?

Publikum får høre verk av D. Buxtehu- de og J.S. Bach. Jeg skal forsøke å finne

verk som viser hvor stor inspirasjons- bilde Buxtehude har vært for den unge Bach. Jeg kommer også til å fortelle flere spennende historier som linker de to komponistene, mer får du vite når du kommer ;-)

Tekst: **Hanne Fodstad**

Foto: **Per Øistein Rogstad**



Ghislain Corvennec, kantor i Vardeneset kirke

Foto: **Nikolaj Lund**



Konsert i Tonstad kyrkje

Lørdag 20.februar kl 18.00 holder Ghislain Gorven- nec konsert i Tonstad kyrkje. Han vil spille musikk av D. Buxtehude og J.S. Bach, blant annet en del verk som er med på CD'en. Han vil også fortelle flere spennende historier som linker de to komponistene. Det er gratis inngang, og kollekt til nytt piano i Tonstad kyrkje.

Etter konserten blir det mulig å få kjøpt CD'en, som koster 150,- kroner. CD'en kan også kjøpes på Kyrkjesenteret, Biblioteket og Infosenteret, Kvæven.

Orglet i Tonstad kyrkje, hvor det altså blir konsert lørdag 20.februar.

Kjøp tangentar i nytt piano!


Tekst: Kjetil Øygard Eidevik

I Tonstad kyrkje har me over tid hatt problemer med eit eldre, utslite piano. Instrumentet er mykje i bruk, især til å akkompagnere både barnekor og Sirdal Blandakor. Pianoet er også brukt til konsertar. I seinare tid har me sett at enkelte pianistar ikkje vil bruke instrumentet når det er konsert i kyrkja, dei prøver heller å få tak i andre instrument å spele på. Det er rett og slett i elendig forfatning.

Me ser det nå som naudsynt å få skifta ut pianoet til fordel for eit nytt kvalitetsinstrument som kan tene Sirdal i mange tiår framover. Ikkje minst er dette viktig i forhold til korarbeidet vårt, som samlar mykje folk i alle aldrar! Soknerådet har vedteke å arbeide for å skifte ut instrumentet innan kort tid. Men dersom me skal få til ei utskifting av instrumentet, treng me støtte-spelarar. I den forbindelse lanserer me «Kjøp ein tangent!». Kvar tangent i pianoet kostar kr. 500,-. Og med dette utfordrar me folk til å kjøpe «tangentar» i det nye instrumentet. Alle som kjøper ein tangent får eit tangentbevis! Me tek også sjølvstøtte imot både mindre og større gåver enn kr. 500!

Det er oppretta ein eigen pianokonto i Sparebank1-SRBank som ein kan betale inn på. Kontonummeret er **3201 09 78393**. Alle som gjev minst 500,- kroner og melder inn personnummeret sitt til kyrkjekontoret, får skattelette. Dette kan du melde inn på mail til post@sirdal.kyrkja.no eller ved å ringe 38 37 16 00.

**Utfordringa er gjeven! Kor mange tangentar kan me få selt fram til
neste nummer av "Kyrkje og kultur i Sirdal" kjem ut i mai?**



Skulelaget i Sirdal

I Sirdal er det skulelag på begge ungdomsskulane. Omtrent annakvar veke er det skuleandakt i lunsjen på Tonstad skule, og annakvar veke på Sinnes. Då er alle ungdomsskuleelevarne velkomne til å eta bollar, og høyra ein andakt. "Mennesket lever ikkje av brød åleine."



God stemning når kanelbollane kjem på bordet!

Vi har ingen statistikk som underbygger påstanden, men det er grunn til å tru at Sinnes skule kan skilta med det beste oppmøtesnittet i heile landet. Det er ikkje uvanleg at så mange som 15 av 16 elevar kjem for å eta bollar og høyra ein



Flott gjeng, om enn litt færre enn vanleg.

andakt. Talet pleier vere omtrent likt på Tonstad og Sinnes, men det er som kjent langt fleire elevar på Tonstad.

Laget - viktig ungdomsarbeid

Det er ein av kyrkjelydsarbeidarane som har ansvar for skulelaga i Sirdal, men ofte får han med seg nokon til å ha andakten. Dei to skulelaga er registrerte som lokal-lag i Laget (NKSS). Laget er ein kristen ungdomsorganisasjon som arbeider for å gjere Jesus kjent på skular og studiester i Noreg, slik at han blir trudd, elska og etterfølgd.

Skulelaga er ein viktig del av kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid. Me får moglegheit til å bli litt kjent med ungdomane, og får gitt dei litt påfyll i kvardagen. Skuleandaktane



På Sinnes samlast Laget i Biblioteket.

er ein god moglegheit til å treffa ungdommane der dei er kvar dag - på skulen.

No i vinter skal alle som kjem på skuleandaktane få tilbod om Lukasevangeliet, som Laget har fått laga i samarbeid med Bibelselskapet. Me ynskjer å dele det viktigaste me har med ungdomane.

Tekst og foto: **Kjartan Øygard**

BARNEKORET I KVÆVEMOEN KAPELL

Barnekoret i Øvre Sirdal er i full gang igjen etter jul.

Sju songglade jenter og gutar frå 1. – 4. klasse er førebels med, og det er god plass til fleire!



Koret øver flittig ein søndag i månaden frå kl 15.30 - 16.30, og stemninga har vore veldig god!

Neste øving er søndag **28.februar, deretter 3.april, 24.april og 12.juni.**

Barna lærer raskt, og etter planen skal dei opptre på nokre gudstenester i vår også.

Har de tips om andre som kunne tenkje seg å vere med å syngje, kan kantor Kjetil kontaktast på tlf. 99 54 52 99.

Vel møtt til jenter og gutar fra 1-4.klasse!



Kulturkveld med historisk sus

*11. feb 1990 heldt heile verda pusten. I mange år hadde FN, Amnesty og all verdas regjeringssjefar og aktivistar kravd at **Nelson Mandela** måtte setjast fri frå fengselet i Sør-Afrika. No brått stod han der, ein fri mann etter 27 år i fengsel. Vi såg det "live" på TV.*

Ingen hadde sett han på så mange år, ingen visste heilt kva han stod for. Mange var redde at han ville bli eit gissel for dei kvite makthavarane, at han ville bli ein fiasko, at han heller burde ha blitt verande i fengsel som eit symbol på kampen som framleis heldt fram mot det hata og grusomme systemet bygd på raseskilnadsystemet apartheid.

Den dagen stod mange titusen svarte ungdomar klar med alle dei våpena dei kunne få tak i. Dei venta på ordren frå sjefen sin, Mandela, om å setja igang - ta hemn etter 350 år med grusom undertrykking og frårøving av menneskeverd, menneskerettar og eiga jord. Heile landet skalv av spaning.

Og så skjedde det noko som gjekk som sjokkbylgjer gjennom heile Sør-Afrika, ja, heile verda. Nelson Mandela heldt ein tale framfor ei menneskemengd på fleire hundre tusen i Cape Town, og den talen, som og blei send direkte på TV, blei byrjinga på det som har blitt kalla miraklet i Sør-Afrika.

Kva skjedde så?

Kva som skjedde vidare skal den mangeårige ankermannen og utanrikskorrespondenten i Dagsrevyen, **Einar Lunde**, fortelje om når han kjem til **kulturkveld i Sirdal kulturhus 22.april kl 19.00**.

Einar Lunde var den fyrste norske journalisten som møtte Nelson Mandela, og han leia folkefesten i Oslo då Mandela fekk Nobelprisen i 1993. Dessutan sat han på kontoret til Desmond Tutu i Johannesburg då kunngjeringa om Fredsprisen kom i 1984. Lunde er den norske journalisten som har vore flest gonger inne i Sør-Afrika under apartheid - der dei kvite hadde monopol på all makt, alt av verdi, og på retten til å eiga jord.

"FRÅ UNDERTRYKKING OG KONFLIKT TIL FORSONING OG TILGJEVING - EIT MØTE MED NELSON MANDELA OG DESMOND TUTU" har



Einar Lunde sett som tittel på foredraget i Sirdal.

Etter foredraget, som varer i ca 85 minutt, blir det høve til spørsmål og samtale, samt høve til å kjøpa nokre av bøkene han har skrive, "*Paradisvegen*" og "*Safari*", med rabatt og med hyggeleg helsing frå forfattaren.

Fakta om Einar Lunde:

- 40 år som nyhendeanker i NRK - Dagsrevyen.
- Tidlegare Afrika-korrespondent for NRK
- Han har vitja Afrika meir enn 80 gonger.
- Han held jamt førelesingar i Sør-Afrika om opplevingane sine som tidsvitne under Apartheid.
- Arbeider som konferanse- og debattleiar, held forestillingar, foredrag og kåseri og er reiseleiar i Sør-Afrika og Tanzania-Zanzibar for Temareiser Fredrikstad.

Tekst: Steinar Tjomlid

Vel møtt til kulturkveld i Sirdal kulturhus 22.april kl 19.00.



Nelson Mandela, sjølve symbolet på frihetskampen i Sør-Afrika



Einar Lunde i sitt rette element. - som utanriksreportar og reiseleiar på det afrikanske kontinentet.

Foto: Privat

Ny aktivitetsdag på Kvæven


Etter suksessen i fjor, er det klart for ein ny aktivitetsdag på Kvævemoen påskeaftan.

Aktivitetane er varierte, og her er det mogleg å kose seg for små og store.

Både turistar og fastbuande er velkomne!

På programmet laurdag 26.mars, påskeaftan, kl 12.00—16.00 står det:

- ⇒ Skirenn for barn
- ⇒ Eggmåling for barn og vaksne
- ⇒ Hundekøyring med polarhundar på golfområdet
- ⇒ Husflid på Fjellmuseet
- ⇒ Matsal: Grillmat på golfområdet, vafler og kaffe på Fjellmuseet
- ⇒ Familiesamling ved påskeprest Bjørn Wang utanfor kapellet 13.30
- ⇒ Lysbildekåseri ved Odd Kvinen: "Gunhild Kvinen - et liv i fjellheimen" kl 15.00 i kapellet.



Aktivitetsdagen vert arrangert i samarbeid mellom Sirdal sokneråd, Sirdal fjellgolf, Sirdal Huskyfarm, Kulturetaten i Sirdal kommune, Sirdal historielag, Sirdal Skilag og Sirdalsferie.



Kyrkja sitt program i Øvre Sirdal elles i påska:

Skjærtorsdag	24.mars kl 10.45:	Påskeandakt i Ålsheia skisenter
Skjærtorsdag	24.mars kl 20.00:	Gudsteneste med nattverd i Lunde kyrkje
Langfredag	25.mars kl 13.00:	Påskeandakt ved Kvinen turisthytte
Langfredag	25.mars kl 18.00:	Påskevandring utanfor Kvævemoen kapell
1.Påskedag	27.mars kl 11.00:	Høgtidsgudsteneste i Kvævemoen kapell



Sjå www.sirdal.kyrkja.no for fullstendig oversikt over gudstenester og andaktar i heile Sirdal i påska.

Gardsnamn i Sirdal: Suleskar



På sekstenhundretalet var skrivemåten Solschor eller Sullskor. Både på den tida og seinare meinte ein at namnet hadde noko med sol å gjera. Nå meiner namneforskarane at første del av namnet kjem av det gamle ordet for eit skar eller ei kløft. Tydinga vert då : Det kløfta skaret.

Garden vart truleg busett alt på 1200-talet, seinare lagt aude under svartedauen i 1349, og busett på nytt i

byrjinga av 1600-talet. Sidan har det budd folk på Suleskar.

Det blir fortalt at det for lenge sidan budde ein mann på Suleskar som heitte Solve. Ein gong før han til Stavanger for å kjøpa inn såkorn og anna han trong til garden. Pengar hadde han lite av. For å få kjøpa «på borg» skrytte han av kor rik han var og kor mange dyr han hadde. Kjøpmannen trudde han meinte kyr og ga mannen varene. Men Solve hadde

fått i seg ein dram eller to og snakka om alle dei ville reinsdyra som fanst i heiane hans. Difor heiter det mellom anna i gardsrimet::

*«Eg heve hondre dyr, dei gjenge på styr.
Solve Suleskar fekk skjenk i byen.»*

Tekst: **Steinar Tjornlid**

Foto: **Per Magne Sinnes**

Verksemd på Tonstad bedehus

Februar

Torsdag 11. kl 19.30 Årsfest bedehus
Søndag 14. kl 11.00 Storsamling
Torsdag 18. kl 19.30 Årsmøte IMF
Søndag 21. kl 19.30 Møte
Torsdag 25. kl 19.30 Nattverdsmøte
Søndag 28. kl 11.00 Storsamling

Mars

Torsdag 3. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 6. kl 19.30 Møte
Torsdag 10. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 13. kl 11.00 Storsamling
Torsdag 17. kl 19.30 Temasamling
Søndag 20. kl 19.30 Møte
Torsdag 31. kl 19.30 Nattverdsmøte

April

Fredag 1. kl 18.00 Kvinatunbasar
Søndag 3. kl 19.30 Møte
Ons-søn. 6.-10. Møteveke
Søndag 10. kl 11.00 Storsamling
Torsdag 14. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 17. Tonstadlidagen
Torsdag 21. kl 19.30 Bønnesamling
Søndag 24. kl 11.00 Storsamling
Torsdag 28. kl 19.30 Nattverdsmøte

Mai

Lør-søn . 7 - 8. Årsmøte NLM
Torsdag 12. kl 19.30 Bønnesamling
Torsdag 19. kl 19.30 Temasamling
Lørdag 21. kl 14.00 Sprell levande på Eliastunet

Søndagsskule

Søndagsskule når det er storsamling, kontaktperson er Ingunn Tonstad på tlf 90 75 58 24.

Bibelgruppe

Lyst til å vere med i bibelgruppe? Ta kontakt med Jørgen Tjørhom på tlf 91 31 24 02

Yngres

Lyst til å vere med på Yngres? Fredagar kl 19.00. Ta kontakt med Andreas Høyland på tlf 92 60 03 39.

TRAFO

Annankvar laurdag, frå 8.klasse og oppover. Ta kontakt med Kjartan Øygard på telefon 41 29 76 23.

Takk til våre støtteannonsører for viktig økonomisk støtte:

Fjellbutikken AS

Suleskard, 4443 Tjørhom, tlf 38370010
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, tlf 38371241
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Infoskjermen

E-post: support@infoskjermen.no
www.infoskjermen.no

Omlidbutikken AS

Omlid, 4440 Tonstad, tlf 38371857
narbutikken.omlid@narbutikken.no

Sageneset feriesenter AS

Nesset, 4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: feriesenter@sageneset.no
www.sageneset.no

Sinneshytta AS

Tlf. 38 37 74 22, mob. 977 29 183
E-post: tor.sigve.vik@sinneshytta.no
www.sinneshytta.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
www.sirakvina.no

Sirdal Huskyfarm

Ousdal, N-4440 Tonstad | Norge
Telefon +47 38 37 18 62— +47 482 86 044
E-post: hallo@sirdalhuskyfarm.no
www.sirdalhuskyfarm.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srlag.no,
www.srlag.no

Sirdal bilverksted

Nordgardsvegen 1, 4440 Tonstad
tlf 38370070 E-post: post@sirdalbil.no

Sirdalsbussen AS

Nordgardsvegen 5, 4440 Tonstad
tlf 90098005 www.sirdalsbussen.no
E-post: tormod@sirdaltransport.no

Sparebank 1 SR-Bank

Pb 25, 4441 Tonstad, tlf 02002. www.sr-bank.no
tom.leif.rusdal@sr-bank.no / astri.ousdal@sr-bank.no / monika.kus@sr-bank.no.

Tonstad Bakeri AS

Tonstadvegen 20 A, 4440 Tonstad,
tlf 38370122
E-post: bagaren@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD
tlf 38377480 mob. 918 61 534
E-post: post@tonstadli.no www.tonstadli.no

Ådneram skitrekk

Ådneram, 4443 Tjørhom, mob 99441144
E-post: post@aadneram-skitrekk.no
www.aadneram-skitrekk.no

Lister
begravelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

**Vakttelefon
489 55 200**

Eilif Sandvand Galdal
91880109

Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



Nærbutikken, Tonstad



**Tonstad Autosenter
Statoilservice, Tonstad
Åpent hver dag til kl 22.00**

**Tonstadv.17, 4440 Tonstad.
38370142**

Lund

REGNSKAPSKONTOR AS

Sirdalsvegen 38, 4376 HELLELAND
Telefon: 51 40 24 00
E-post: post@lundregnskap.no

- Etablering av selskap
- Fakturering/Lønn/Remittering
- Tilgang til eget regnskap; gjøre en del av jobben selv
- Scanne bilag inn i eget regnskap
- EHF-fakturering
- Elektronisk innhenting fra Tine og Nortura

Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og annekse
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Ofte dal, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:
post@ofn.no

Flekkefjord og Treland Begravelses- byrå

Kenneth Trælandshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt

Total leverandør innen VVS

Avd: Sirdal
TLF 97 68 22 41

Kontor (Flekkefjord) - TLF 38 32 22 41



Den norske kyrkja i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadvegen 25

Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad

www.sirdal.kyrkja.no - post@sirdal.kyrkja.no

Telefon: 38371600

Sokneprest Sigurd Flydal

prest@sirdal.kyrkja.no/45248536

Kyrkjeverge Henning Huseby Jansen

hhj@sirdal.kyrkja.no/97633127

Kyrkjelydsarbeidar Ragnhild Maria Sandvik

rms@sirdal.kyrkja.no/93652713

